

Superheltar og antiheltar i klassiske julehefte

(NPK–Jørund Hessevik): Appelsinar, peparkaker, nøtter og ein snublande hovmeister på fjernsyn. For mange er det ikkje ordentleg jul før ein kan lese dei klassiske julehefta framfor peisen.

I år er superhelten Knut Berg tilbake i ny strek, medan antihelten Smørbukk held fram i kjent stil. Dei fargerike avisstripene frå Amerika og bygdeskildringane frå vårt eige heimland har blitt ein sentral del av norsk julefeiring.

Dei første julehefta kom ut i 1911 og har sidan vore eit særnorsk fenomen med rampete og snille ungar i hovudrollene.

Smørbukk

Den nynorske antihelten Smørbukk stiller i år i den gamle islandsgenseren, men med ein ny mobiltelefon med kamera. Han tek parti for jenter i hoppbakken, der to jenter utfordrar ein hoppveteran til dyst. Historia handlar også om klimaendringane som gjer hopprennet vanskeleg å avvike, og ein kar som sel klimakvotar i botnen av bakken.

Smørbukk debuterte i julehefte i 1941, men figuren er kjend frå Norsk Barneblad som teikneserie frå 1938. Den blide guten i islandaren har vore teikna av Jens R. Nilsen, Solveig Muren Sanden og Håkon Aasnes.

Vangsgutane

Frå Todalen på Nordmøre reiser bajasane Kåre og Steinar Vangen på fisketur. Etter at isen bryt opp blir dei rekande på eit isflak på fjorden i eit veldig uvêr. Seinare blir gutane jaga av svoltne ulvar og må ofre mykje av den djervt tileigna fangsten.

Teikneserien frå Fonna forlag er norsk bygdemoro anno 1947, skrive av Leif Halse (1896-1984) og illustrert av Jens R. Nilssen (1880-1964). Vangsgutane kom først på trykk i Nynorsk Vekeblad og frå 1941 kom det første juleheftet ut. Vangsgutane har sidan vore årvisse julegjester i norske heimar.

Tuss og Troll og Juletre

Kjende og ukjende eventyr har blitt illustrert i Tuss og Troll sidan starten i 1945. I årets utgåve er det «Trollet og Torevêret» og «Dei to

skreddarane» som er teikna av Solveig Muren Sanden. Ho held framleis tradisjonen i hevd i ein alder av 87 år, men no saman med Gard Espeland og Smørbukk-teiknar Håkon Aasnes.

I tillegg kjem Norsk Barneblad sitt eige julenummer, bladet «Juletre», i år ut for 120 gong. Det inneheld juleforteljingar for heile familien. Her kan ein lese om den vesle fjøsnissen Nils, om julesongar og om julesongar. Dessutan får ein oppskrifter på julepynt, julenøtter, rebusar og kryssord.

Ingeniør Knut Berg på eventyr

Science fiction-heftet Ingeniør Knut Berg på eventyr held fram saga der den slapp då teikneseriehelten i kjeledress landa på mars for 47 år sidan.

Serien kom ut som julehefte mellom 1943 og 1960 etter å ha gått som føljetong i Nynorsk Vekeblad frå 1941. Forfattar Hallvard Sandnes og teiknar Jostein Ragnvald Øvrelid er av Fonna forlag erstatta med forfatarparet Jon Bing og Tor Åge Bringsværd og teiknaren Knut Westad.

I årets utgåve landar Knut Berg på jorda og historia skiftar til ny teiknestil, men handlar framleis om framtidsretta teknologi og utfordringar. I år er det klimaendringane og matvaremangelen som er tema og noko av handlinga går føre seg under vatn, der ein torskestim med norsk riksvåpen på halen blir gjeta av ein robotfisk.

Mange hefte å velje mellom

Andre klassiske norske julehefte som Nr. 91 Stomperud, Jens von Bustenskjold og Nissens jul blir i år supplert av 12 nyare julehefte. Alt frå Kaptein Sabeltann til kjende seriar som Pondus og Nemi kjem i spesialutgåver til jul.

Mellom dei internasjonale klassikarane finn vi det eldste juleheftet, Knoll og Tott, som har sikra julestemning i norske heimar sidan 1911. Her finn vi også gamle travarar som Fiinbeck og Fia, Snøfte Smith, Donald Duck & Co og Kapteinens jul i velkjende strekar.

Det er i underkant av 50 hefte i handelen i år, og i adventstida reknar forlaga med å omsetje julehefte for 50 millionar kroner. (©NPK)